



Plommefrøviklar (*Grapholita funebrana*)

Skadebilete

Utanpå: Ein kan sjå skade både på umodne og modne plommer (bilete 1 og 2). Plommefrøviklar kan kjennast på eit eller fleire stikkhol i skalet. Sjølv stikket er mørkt, medan det ofte dannar seg eit grått felt rundt holet. Det grå feltet blir tydlegare dess meir moden plomma er. På modne plommer kan ein i tillegg kjenna det ved at plommene vert mjukare og slepp steinen.

Inni: Det tydlegaste teiknet på at det er larver i plommene er at ein finn avføring frå larva rundt steinen (bilete 3 og 4). I tillegg, eller dersom larva er liten, går det brune gangar i fruktkjøtet inn frå stikkholet. Larva i seg sjølv kan vera vanskeleg å finna om den er nyklekka.

Larve: Me lurar på om det er to generasjonar i året då me finn både store og små larver i plommene i slutten av august. Larvene er 10 – 12 mm lange når dei er ferdig utvikla. Tidlege stadier er kvite til lysegule med mørk brunt hovud (bilete 5). Eldre stadier vert rosa – raude også dei med tydeleg mørkt hovud (bilete 6).



NIBIO